



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2365 - 16/18787

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

29.09.2016

## Søknad om bygging av traktorveg og velteplass gbnr. 6/6 Ytre Brakstad i Meland kommune

**Tiltak:** Bygging av traktorveg på ca. 190 meter i vegklasse 7, velteplass ca. 30 meter i vegklasse 3 og eit massetak i samband med vegbygging

**Gbnr:** 6/6

**Kommune:** 1252 Meland

**Frist for uttale:** 29.10.2016

Meland kommune har motteke søknad frå Bjørnar Brakstad om bygging av ein traktorveg og ein velteplass på Ytre Brakstad langs Bjørndalsvegen. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 7 på ca. 190 meter og ein velteplass i vegklasse 3 ved kommunal veg. Det er i samband med vegen planlagt eit massetak på ca. 200 m<sup>3</sup>, dette ligg delvis på arealet kor velteplass er planlagt.

Vegen har vorte omsøkt og sendt på høyring tidlegare, løyve for bygging av vegen var godkjent 12.06.2007. Bygginga har starta og søkjar har bygd om lag 30 meter av vegen, men søkte ikkje om utvida frist for ferdigstilling. Bjørnar Brakstad søker difor om vegen på nytt, og vegtraseen er den same som omsøkt og godkjent i 2007, lengda er noko kortare i samsvar med det som er bygd.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv og økonomisk måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er bygging av veg eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene. Vegen har eit dekningsområde med ca. 200 m<sup>3</sup> hogstmoden skog. Vegen vil truleg kunne frigjere meir skog på andre eigedommar i samband med framtidige skogdrifter. Ein veg vil i tillegg til betre økonomiske rammer, vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. God tilkomst vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusera kostnadane ved gjennomføringa av skjøtseltiltak. Det vert også lettare for eigar og halde oppsyn med skogen ved ein enkel tilkomst. For å kunne gjennomføra skjøtseltiltak til rett tid er det viktig å halde oppsyn med skogen. Det er også viktig i samband med ulike hendingar som storm m.m.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturminneansvarleg i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3-1 i då deler av tiltaket er ein velteplass i vegklasse 3.

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**

Søknad og kart

**Kopi til:**

Bjørnar Brakstad

Ytre Brakstad 5

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune v/Kultur-  
og idrettsavdelinga  
Meland kommune v/  
kulturavdelinga

5020

BERGEN